



Kaland Trelast AS

v/ Øyvind Litangen

5953 Fønnes

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2008/503 - 0 - 13966/2008	Linda Folkestad - 56375170	107/11	09.06.2008

Vedrørende søknad om dispensasjon frå byggegrense, Gnr. 107, Bnr. 11 Kolås.

Synar til søknad dagsett 16. mai 2008 vedrørende dispensasjon frå byggegrense gnr. 107, bnr. 11. Som tidligare nemnt på telefon har vegavdelinga registrert at mur kjem nærmare kommunal veg enn avstanden det er søkt om. Slik vi oppfattar det ligger mur høgare i terrenget enn kommunal veg. Da denne ligger i siktsone til avkjørsla kan ikkje mur være høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Høgde forskjellen mellom mur og kommunal veg, som vist i situasjonsplan, gjer at siktsone ikkje vert oppretthaldt. Siktsone til avkjørsla vil gå langs heile lengda av tomte (sjå kartvedlegg). I denne sone kan ein ikkje ha sikthindringar som knausar, mur, hekk, buskvekstar og liknande som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. I tillegg, er to av parkeringsplassane plassert i denne sone. Det vil av sikkerheitsmessige årsaker ikkje verte gitt dispensasjon frå byggegrense i siktsone.

Vi gjer merksam på at det i dag ikkje føreligg avkjørsles løyve for eigedommen da dette ikkje er søkt om.

Med helsing

for

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

